



Arne Nordeide
Radøyvegen 1314
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1366 - 16/13925

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
03.11.2016

Radøy kommune sitt kulturminnefond 2016 - tildeling av midlar

Formannskapet i Radøy gjorde i sak 086/2016 i møte 19. oktober 2016 følgjande vedtak:

«Steinar Haugland får avslag på søknaden om tilskot til restaurering av notnaustet på Haugland.

Arne Nordeide får 26 500 kroner til skifte av kledning på våningshuset på Kartveit. Arne Villanger får inntil 6500 kroner til restaurering av kvernhusa på Villanger til dekking av faktiske utlegg.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.»

Vilkår for utbetaling

Vilkåra for utbetaling er sett i statuttane for kulturminnefondet § 4:

”Utbetaling av tilskot skjer når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i tråd med planane og avtalen mellom tilskotsmottakar og kommunen. For større arbeid kandelutbetaling gjerast etter eigen avtale.

Når ein søkjar har fått tilsegn om tilskot må arbeidet utførast i innan to år, elles kan tilskotet falla bort. Når arbeidet er gjort skal tilskotsmottakar senda kommunen ein kortfatta rapport og godkjend rekneskap.”

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er tre veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefondet 2016 - fordeling av midlar
Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond

Kopi til:

Kulturverntenesta i Nordhordland

Mottakarar:

Arne Nordeide

Radøyvegen 1314

5936

MANGER